



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/37594
Saksbehandlar: Marte Sofie Søreide
Dato: 10.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/046	Planutval	01.09.2026
	Stad kommunestyre	

Godkjenning - Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining

Bakgrunn for saka:

Stad kommune har behov for å revidere den lokale gebyrforskrifta. Bakgrunnen for revisjonen er kommunen sitt behov for å dekke utgifter knytt til lovpålagd sakshandsaming etter ureiningsregelverket. Døme på slike saker er ureina grunn og sakshandsaming knytt til olje- og feittutskiljerar.

Å få på plass ei utvida gebyrfinansiering er også ein del av prosjektet med berekraftig økonomi, ved å dekke dei faktiske kostnadane vi har med å følge opp lovpålagte oppgåver etter ureiningsregelverket, innanfor kommunen sitt mynde til å ta gebyr. For å ha heimel til å kunne ta gebyr, må den lokale forskrifta reviderast.

Revidert forskrift har vore på høyring og leggst no fram til endeleg vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining vert vedteken slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

10.08.2026	Forslag til ny forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining	1875203
27.08.2026	Gjeldande forskrift om gebyr for tilsyn med mindre avløpsanlegg og gebyr for behandling av utsleppsløyve, Stad kommune, Vestland - Lovdata	1875306

Planutval 01.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

PLUV - 26/046 Vedtak:

Innstilling frå planutvalet:

Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining vert vedteken slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Forslag til revidert forskrift har vore ute på offentleg høyring i perioden 7. mai til 21. juni 2026. Det er ikkje kome merknadar til den lokal forskrifta. Forskrifta som no leggst fram til vedtak er identisk til den forskrifta som blei lagt ut på offentleg høyring.

Kommunen er lokalt ureiningsmynde i mange saker. Dette medfører ansvar for sakshandsaming og tilsyn innanfor fleire område knytt til ureining. I dag er fleire av dei lovpålagte oppgåvene etter ureiningsregelverket ikkje gebyrfinansierte. Vi er likevel pålagt å løyse desse oppgåvene.

Kommunedirektøren ønskjer derfor å opprette heimel til å kunne ta gebyr for å dekke kostnadane til sakshandsaming og tilsyn som vi er pålagt å gjennomføre. Dette kan likevel berre gjerast innanfor dei områda kor vi har lov til å ta gebyr. Ei slik finansiering vil også stimulere til betre etterleving av regelverket, bidra til føreseielegheit, likehandsaming og god rådgiving. Gebyrordninga skal ikkje gå med overskot, og gebyrnivåa skal til ei kvar tid reflektere kommunen sine faktiske kostnader.

Følgjande fagområde ligg inne i den reviderte forskrifta om gebyr:

- kapitel 2 om opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid
- kapitel 12 om utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter og liknande
- kapitel 13 om utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område
- kapitel 15 om utslepp og påslepp av oljehaldig avløpsvatn
- Kapitel 15A om påslepp av feitthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett

Heimel til å ta gebyr innan dei foreslåtte fagområda følger av Forskrift om kommunens myndighet etter forurensningsloven § 6.

Vurdering:

Det er ikkje kome inn merknadar til forskrifta medan den låg ute til høyring, og vedtak av forskrifta bør såleis vere ukontroversielt.

Kommunedirektøren tilrår å godkjenne forskrifta slik den no ligg føre. Forskrifta og kommentarar til forskrifta vil bli lagt til i Lovdata etter vedtak og erstatte eksisterande forskrift.

Dagens lokale forskrift dekkjer gebyr for sakshandsaming og tilsyn med utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadar, hytter og liknande (anlegg under 50 pe, kapitel 12) og utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område (anlegg mellom 50 pe og 2000/10000 pe, kapitel 13). Kommunedirektøren ønskjer at den lokale forskrifta også skal dekkje følgjande:

- Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (Kapitel 2)

Kommunen er ureiningsmynde i saker som gjeld opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid. Dette inneber at vi har ansvar for å handsame tiltaksplanar før bygge- og gravearbeid kan starte, registrere opplysningar i Miljødirektoratet sin database «Grunnforurensning» og føre tilsyn med at føreseigna etter ureiningsforskrifta kapitel 2 følgast.

Tiltakshavar er pålagt å lage ein tiltaksplan som seier noko om korleis ureina massar skal handterast,

og kommunen må godkjenne tiltaksplan før handtering av ureina massar. Kommunen handsamar i snitt 1-5 slike saker i året, men tar ikkje gebyr for sakshandsaminga per i dag. Døme på slike saker er handtering av ureina massar i samband med Stad skipstunnel, og handtering av ureina massar etter lekkasje frå nedgraven oljetank.

- Utslepp og påslepp av oljeholdig avløpsvatn (Kapitel 15) og påslepp av feitthaldig avløpsvatn (Kapitel 15A) til kommunalt leidningsnett

Verksemder som slepp ut olje- eller feitthaldig avløpsvatn, har krav om å etablere olje- eller feittutskiljar for å sikre at olje og feitt blir fjerna ved kjelda før utslepp til resipient eller påslepp til kommunalt leidningsnett. Feitt og olje i avløpsvatn som kjem inn på det kommunale nettet og i kommunalt overlaup er krevjande og kostbart for kommunen. Det fører til tette røyr og øydelegger pumper som gir utfordringar med vedlikehald. Der feitt og olje i avløpsvatn går direkte til resipient er det særskilt viktig å ha god kontroll på reinseeffekten for å hindre ureining til naturen.

Kommunen har mangelfull oversikt over eksisterande olje- og feittutskiljarar i kommunen. Det er behov for å styrke oppfølginga etter gjeldande regelverk. Med betre oversikt og tilsyn vil vi kunne pålegge bedrifter som har for dårlege løysningar og rutinar å utbetre dette i samsvar med lovverket.

Stad kommune har også ein interkommunal forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn og utslepp av oljeholdig avløpsvatn som gjeld for Gloppen, Stad og Stryn. Forskrifta set lokale reglar for oppfølging av olje- og feittutskiljarar. Oppretting av gebyr for desse tenestene vil kunne bidra til auka kontroll over etterleving av regelverket etter den interkommunale forskrifta.

Økonomisk berekraft:

Dersom nye gebyr blir innarbeidd i gebyrregulativet, vil dette få økonomiske konsekvensar i form av auka inntekter til kommunen. Inntektene skal likevel ikkje overskride dei faktiske kostnadane kommunen har med tilsyn og sakshandsaming. Auka fokus på ureining knytt til olje- og feitthaldig avløpsvatn, vil på sikt gi ei økonomisk innsparing ved at det vil bli mindre behov for vedlikehald av røyr og pumper som ein konsekvens av mindre olje og feitt inn på det kommunale nettet og i kommunalt overlaup. Generelt kan det å ha meir kapasitet på ureiningsområdet og betre oversikt over ureiningssituasjonen i kommunen spare oss for framtidige utgifter som følgje av ureining.

Sosial berekraft:

Dersom gebyra og betre oppfølging på sikt bidrar til å redusere ureining, vil dette vere positivt for den sosiale berekrafta. Det vil kunne føre til mindre ureining av til dømes badevatn og andre natur- og friluftskvalitetar der utslepp går direkte til resipient. Ei auka finansiering av kommunen si oppfølging av ureiningssaker, vil kunne stimulere til betre etterleving av regelverket, og føreseielegheit, likehandsaming og god rådgiving for innbyggjarane våre, noko som er positivt for den sosiale berekrafta.

Miljømessig berekraft:

Dersom nye gebyr blir innarbeidd i gebyrregulativet, vil dette få miljømessige konsekvensar ved at kommunen i større grad vil ha ressursar til å kunne prioritere oppgåver som reduserer ureining, særskilt ureining til vatn og grunn. På sikt vil dette kunne føre til redusert ureining. Dette er positivt for naturmangfaldet, både på land og i vatn, ved at ulike artar får betre livsvilkår, og gi mindre belastning på økosystema.